

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 21.11.2007
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lovar, forskrifter og andre myndigheitskrav i perioden 25.10.07 - 21.11.07**

Styresak 102/07 O
Administrerande direktør si orientering pkt 2

Styremøte 04.12. 2007

Oversikt over nye aktuelle lovar og lovendringar i perioden 25.10.07 – 21.11.07

| Lov | Dato for kunngjering | Kva lova/endringa gjeld |
|---|----------------------|-------------------------|
| Det er ikkje kunngjort nye lovar eller lovendringar i perioden. | | |

Iverksetjing av ny offentleglov er utsett.

Justisdepartementet har tidlegare meldt at ein tek sikte på at ny offentleglov skulle ta til å gjelde frå 1. januar 2008. Med bakgrunn i mange og omfattande høyingsuttaler til tilhøyrande forskrifter treng departementet meir tid enn tida fram til årsskiftet for å gjennomføre ei forsvarleg vurdering av alle dei spørsmåla som er tekne opp. Justisdepartementet varsler derfor no at ein tar sikte på at forskrifa skal fastsetjast før påske, og at den nye offentlegova skal tre i kraft frå 1. juli 2008.

Oversikt over nye aktuelle forskrifter og forskriftsendringar i perioden 25.10.07 – 21.11.07

| Forskrift | Dato for kunngjering | Kva forskrifta/endringa gjeld |
|--|----------------------|-------------------------------|
| Det er ikkje kunngjort nye forskrifter eller forskriftsendringar i perioden. | | |

Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 25.10.07 – 21.11.07

| Myndigheitskrav | Dato | Kva saka gjeld |
|---|----------|--|
| Oppfølging av oppdrag i bestillardokumentet frå 2005 vedrørende tenestetilbodet frå psykisk helsevern til personar i fengsel. | 05.11.07 | <p>Med bakgrunn i at det har vore ulik oppfatting av kven som skal vere avtalepartar for spesialisthelsetjenesta for dette oppdraget, har departementet i brev til dei regionale helseføretaka presisert følgjande: "Oppdraget til de regionale helseforetakene er å sørge for at det etableres avtaler mellom spesialisthelsetjenesten (DPS/sykehusavdeling/HF) og kommuner med ansvar for helsetjenesten i fengsel/primærhelsetjenesten i fengsel".</p> <p>Helse Vest RHF har følgd saka opp i brev til helseføretaka 08.11.07. I brevet blir HFa bedt om å ha avtaler om tenester til innsette i fengsel innanfor sine områder med den kommune som har ansvar for</p> |

| | | |
|--|----------|--|
| | | helsetenesta til dei innsette. Dersom slike avtaler ikkje allereie er på plass er det stilt krav om at dette er brakt i orden innan 31.12.07. Helse Vest har peikt på at det er naturleg at ein slik avtale blir eit tillegg til dei avtaler som elles blir inngått mellom helseføretaka og kommunane i opptaksområdet. |
| Føretaksmøtet i Helse Vest RHF | 09.11.07 | <p>Føretaksmøtet godkjende sal av eigedomen Vestlundveien 22 D tilhøyrande Helse Bergen HF. Saka blei behandla av styret i Helse Vest RHF i styremøte 27. juni 2007.</p> <p>Saka blir følgd opp med endeleg stadfesting av salet i føretaksmøte i Helse Bergen HF 23.11.07.</p> |
| Føretaksmøtet i Helse Vest RHF | 16.11.07 | Gunnar Berge er vald som representant til styret i Helse Vest RHF frå 16.11.07. Han erstattar Svein Andersen som etter eige ønskje har trekt seg frå styret. |
| Oppdragsdokument 2007 – Tilleggsdokument etter Stortinget si behandling av St.prp.nr. 1 (2006-2007). | 20.11.07 | <p>Saka gjeld tilskot til tiltak for born av foreldre med psykiske lidinger eller rusmiddelavhengighet. Departementet har tildelt midlar til Helse Stavanger HF; Opplæring av ansvarlege for born innan alle einingar i psykiatri og rustenester med kr. 200.000,-, og til Helse Fonna; Implementering av system for ansvarlege for born på kvar post, familiesamtaler etc og vidareutvikling av nettverk for kommunal oppfølging etter utskrivning med kr. 500.000,-.</p> |